



Gamleskulen har stått tom sidan Elin Enes gav opp konditoridrifta i sommar. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Det har ikkje lukkast eigaren Uskedalen Utvikling å få inn nokon ny leigetakar etter at Elin Enes diverre måtta avslutta konditoridrifta i Gamleskulen i sommar.  
Kven vil no gje Gamleskulen nytt liv?**

Leiar Sveinung M. Pile i Uskedalen Utvikling stillar spørsmålet og let utfordringa gå til nokon som vil gjera noke på eige initiativ.

- Kven tenkjer du på?

- Ikkje nokon bestemt. Styret i UU ynskjer å utfordra både privatpersonar, lag og bedrifter til å komma opp med idear som igjen kan skapa liv i dette unike huset. Det er for veldig mange er ein viktig del av Uskedalen si historie.

Dei som sit med idear eller konkrete planar bør ta kontakt med styret, anten ansikt til ansikt, pr. telefon eller e-post, seier Pile.

Han har sjølv telefon 40 44 47 56 og mailadressa er sveinung@festidalen.no.

Apropos historie: Den første faste skulen i Uskedalen vart bygt i 1863, etter at fylket la ned landbruksskulen på Sandvik i Omvikdalen.

Nokre av uthusa vart plasserte som skulehus rundt i kommunen. Stallen vart flytta til Uskedalen og reist like ved staden der bautasteinen no står. Der kom han til å gjera teneste som skulehus i 40 år.

Det var i samband med dette at brua over elva kom til. Den kosta om lag 40 spesiedalar og brukarane forutan dei på Rød og Ljosnes gav mange dagsverk til føremålet. Ho vart i dagleg tale kalla skulebruo.

Ved århundreskiftet tok uskedalingane til å tenkja på nytt skulehus. Det gamle vart selt til ungdomslaget, flytta over veggen og kalla Helgheim. På 1930-talet vart dette huset grendahus oppe i dalen og eitt nytt Helgheim vart bygt.

I 1902 vart det nye skulehuset reist. Gamleskulen er med andre ord 104 år.

Krinsane Haugland og Musland fekk skulehus i 1893 og vart sentralisert i 1966.

Det var og eigen skule på Skorpo, til i 1949.



Kven vil skapa nytt liv i Gamleskulen, spør UU-leiar Sveinung M. Pile. (Foto: Ola Matti Mathisen)